

Saksprotokoll i Vestlandsrådet - 11.11.2020

Avrøysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot Frank Sve (FRP) og Margrete Dysjaland (FRP) sine to røyster.

Vedtak

Fråsegn til Samferdselsdepartementet, Transport- og kommunikasjonskomiteen og Energi- og miljøkomiteen på Stortinget:

Vestlandsrådet ønskjer at det no skal lagast ein statleg pakke med økonomiske insentiv for nullutsleppsfly. Vestlandsrådet ønsker at marknaden skal stimulerast til å ta i bruk nullutsleppsfly tidleg og at flyselskap og fylkeskommunar tidleg veit kva for økonomiske rammer ein har å forhalda seg til. Ein slik pakke for nullutsleppsfly bør til dømes innehalde fritak frå flypassasjeravgift (som føreslått i statsbudsjettet for 2021), fritak for moms på flybillettar og reduserte brukaravgifter til Avinor.